



Silje, Thea og Saima kosar seg.

Skigruppa skulle hatt overnattingstur til Fonnabu i helga, men då det vart meldt så kaldt at det ville fryse på, og vera utrygt å ta seg fram opp Rednedalen, vart den avlyst. I staden var dei på tur til Sommarskisenteret i Jondal. Frå den har vi fått denne kjekke reportasjen med flotte bilete frå 13 år gamle Saima K. Døssland.

Vi var 6 bilar, 10 vaksne og 13 barn på veg opp til skisenteret på Folgefonna. Det var nydeleg vêr, heilt vindstille og sol. Veldig bra løyper, faktisk så bra at det tyske ungdomslandslaget var på alpintrening der, dei var nesten like flinke som oss.


Nokon av dei vaksne for og opp til sjølvaste toppen som var 1644 moh. Veldig fin tur.



Høge brøytekantar på vegen opp.



Viljar tar backflip



Silje i svevet.



Ella og søskenbarnet Thea frå Fitjar



Flott tur på toppen.

Tekst og foto; Saima K. Døssland
Nett: Thor Inge Døssland